

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 18.09.2017
Vår ref.: 2017/15328-17
Saksbehandlar: karvik_
Dykkar ref.:

Att. Eirik Utne

Tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2017 / 2018

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtok 13.09.2017 at total tildeling på kr 19 142 796 vert fordelt slik:

Del skulekonsertar: kr 6 543 027

Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 3 499 769

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 9 100 000

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:

Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 3 755 533

Tildeling til kursregionane: kr 250 000

Hordaland fylkeskommune: kr 5 094 467

Private skular er rekna med i fordelinga av midlane. Kommunar som har private skular må ta ansvar for å inkludere desse i arbeidet med Den kulturelle skolesekken.

1. Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken skal sikre eit profesjonelt kunsttilbod i skulen på ein måte som understøtter det pedagogiske arbeidet og bidreg til realisering av skulen sine læreplanmål.

Måla med programmet er:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod;
- å leggje til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleving av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrkje born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

Mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken som er vedtatt i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skolesekken* og St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida* gjeld.

2. Andre mål og føringar (jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken)

Elevane på alle trinn skal medverke og delta i tilboda i Den kulturelle skolesekken. Elevmedverknad kan skje i planleggings-, programmerings- eller produksjonsfasen i tilbodet, i møtet med produksjonen og utøvarane, eller i ulike former for etterarbeid og evaluering av tilbodet.

Personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltakarar. For å nå denne målsettinga bør omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skolesekken.

Det er også eit mål at tilboda i Den kulturelle skolesekken skal vere med på å gjere elevane betre kjent med begge målforma på norsk, samt styrke elevane sin forståinga av dei nordiske nabospråka.

Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vere ein integrert del av Den kulturelle skolesekken. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.

Kunstnarar som utfører arbeid i Den kulturelle skolesekken, skal betalast i tråd med bransjestandard og rettshavar si interesse skal takast i vare i tråd med åndsverklova.

3. Samarbeid og forankring (jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken)

Arbeidet med Den kulturelle skolesekken skal vera forankra i politiske og administrative prosessar og planverk i kommunen. Vidare må arbeidet bygge på samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren, og med kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt. Det er ønskjeleg at representantar frå aktuelle høgskular og kulturinstitusjonar er involverte i arbeidet. Kommunen bør sikre at elevene vert involverte i planlegginga.

4. Direkte tildeling av midlane

Direktekommunane har eit sjølvstendig ansvar for Den kulturelle skolesekken, og får heile si tildeling direkte frå Kulturtanken. Dei rapporterer også direkte til Kulturtanken.

Kulturtanken handsamar ikkje nye søknader om å bli direktekommune dette skuleåret. Dette som følgje av eit pågåande kartleggingsarbeid. Ein ventar med opptak av nye direktekommunar til dette arbeidet er ferdig og evaluert.

5. Vilkår for tildelinga

Den kulturelle skolesekken skal vera eit tillegg til eksisterande satsingar på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje erstatta noverande tiltak eller satsingar som vert finansierte med andre midlar. Midlane skal ikkje gå inn i ordinær skuleundervisning eller i allereie eksisterande skuletiltak.

Kommunen skal til ein kvar tid ha ein kommunekontakt som har som arbeidsoppgåve å utvikle Den kulturelle skolesekken i kommunen og regionen, og som skal ha eit aktivt forhold til utviklinga av Den kulturelle skolesekken i fylket.

Det er ein føresetnad for tildelinga at kommunen rapporterer om tiltaka i kommunal regi. Tildelte midlar skal nyttast i tråd med måla og prinsippa for ordninga.

6. Rapportering

Kommunen skal rapportere i nettbasert rapporteringsskjema om følgjande:

- Økonomi og ressursbruk, del tildelte midlar nytta til administrasjon.
- Gjennomførte aktivitetar innan alle uttrykk.
- Gjennomført utviklingsarbeid.
- Elevmedverknad.
- Samarbeid mellom kultur-, forskings- og utdanningssektor.

Alle rapportane skal vurderast i samsvar til mål, føringar og prinsippa for Den kulturelle skolesekken, og fylkeskommunen er ansvarleg for å følgje opp rapportane frå kommunane.

Frist:

- **Rapport på tiltak for kalenderåret 2017 skal gjerast elektronisk innan 1. februar 2018.**

Vi gjer merksam på at dersom kommunen har overført spelemidlar direkte til grunnskulane, må kommunen likevel rapportera etter dei premissane som vert gjort gjeldande i dette tildelingsbrevet.

Eit nytt rapporteringssystem er under utvikling og nærare informasjon om pålogging og nettadresse kjem.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra for tildelinga. Kommunen pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

7. Spesifisering av tildeling av spelemidlar til kommunane

Hordland fylkeskommune løyver totalt kr 3 755 533 i denne tildelinga:

Askøy	kr	311 889	Meland	kr	110 120
Austevoll	kr	103 626	Modalen	kr	26 946
Austrheim	kr	47 385	Odda	kr	94 279
Bømlo	kr	180 308	Os	kr	203 581
Eidfjord	kr	28 975	Osterøy	kr	155 762
Etne	kr	71 572	Radøy	kr	85 765
Fedje	kr	27 781	Samnanger	kr	54 991
Fitjar	kr	61 038	Stord	kr	210 830
Fjell	kr	320 353	Sund	kr	117 342
Fusa	kr	107 914	Sveio	kr	99 776
Granvin	kr	29 691	Tysnes	kr	73 393
Jondal	kr	30 168	Ullensvang	kr	86 290
Kvam	kr	151 053	Ulvik	kr	30 646
Kvinnherad	kr	262 372	Vaksdal	kr	79 997
Lindås	kr	226 119	Voss	kr	218 520
Masfjorden	kr	52 206	Øygarden	kr	94 843

Meland kommune har fått tildelt kr 110 120.

Renteinntekter av tildelte spelemidlar skal gå til føremålet. Det same gjeld eventuell meirverdiavgiftsrefusjon som genererast av aktivitet i Den kulturelle skolesekken.

8. Utbetaling

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF-format til Hordaland fylkeskommune.

- Elektroniske fakturaadresse: 9908:938626367
- Aksesspunkt: Visma

NB! Faktura tilsendt pr. post eller e-post blir returnert.

Merking av faktura

- Deres referanse er eit obligatorisk felt i EHF-standard. Vi nyttar eit femsifra tilsettnummer (i dette høve 14333) for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.
- Deres referanse i xml-fila: AccountingCustomerParty/Party/Contact/ID
- «Kundens ordrenummer» må stå tomt sidan fakturaen ikkje er basert på ein ordre. Dette for at den elektroniske flyten ikkje blir forseinka.

Saksnummer: 2017/15328-17

Tilsettnummer: **14333**

Beløp: kr 110 120

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og tilsettnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

9. Den kulturelle skolesekken for framtida – nytt frå Kulturtanken

Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg har sidan 2016 hatt det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skolesekken for alle kunstuttrykk.

Saman med DKS-partnarar i fylkeskommunar og kommunar, på skular og i alle kunstfelt skal Kulturtanken bidra til å utvikle ei felles forståing mellom kunst-, kultur- og skulesektoren, og ha eit tydeleg framtidsperspektiv for DKS-ordninga.

Den kulturelle skolesekken skal gje alle barn og unge som veks opp i Noreg moglegheita til å vere kreative. Eit sentralt premiss er difor at elevane sjølve opplever at tilboda i ordninga er til for dei, og at barn og unge har ei rolle i utforminga og gjennomføringa av Den kulturelle skolesekken.

Gjennom forskning og utvikling vil Kulturtanken jobbe med å forbetre den kunstnarlege og formidlingsmessige kvaliteten i barn og unge sine kunstopplevingar. Målet er at forskning og utvikling på feltet skal kome samfunn, kunst, kultur og utdanning til gode. For å oppnå dette oppmodar dei alle mottakarar av tilskot til samarbeid og bidrag gjennom å peike ut eitt eller fleire pilotprosjekt som forskarar kan fylje.

Demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmestring er tema som vil prege samfunnsutviklinga. Det er difor eit mål at også tilboda i ordninga og arbeidet med denne på nasjonalt, regionalt og lokalt plan er knytt til desse tema. DKS-ordninga skal vise at ei av dørene til framtida går gjennom kunsten.

Ein ny logo og visuell profil er utarbeidd og Kulturtanken kan hjelpe til med tilpassing for dei som vil ta i bruk profilen.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Hordaland fylkeskommune ser fram til vidare samarbeid om DKS.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.